

Til alle som vil delta på Ungdommens allting 31. mai under Grunnlovsseilassen 2014

Utkast fråsegn frå ungdom i Hordaland

Ungdom i Hordaland ynskjer at kvar kommune i Noreg skal ha eit medverknadsorgan for ungdom, til dømes ungdomsråd eller ungdommens kommunestyre/bystyre, som skal ha medverknad på saker som vedgår ungdom og deira lokalmiljø. Dette er viktig for å få ungdommens stemme høyrd i lokalsamfunnet og i samfunnet elles. For å klare dette må me få lovfesta medverkingsorgan for ungdom. I dag er det lovfesta med både eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne, noko som er veldig bra! Det er viktig at denne retten skal gjelde ungdom også!

Medverknadsorgan for ungdom skal lovfestast på kommunalt, fylkeskommunalt og nasjonalt nivå. Gjennom desse organa skal ungdom ha reell makt. Dei tre nivåa skal med utgangspunkt i ungdomsrådskanalen henge saman og byggje på kvarandre. Ungdom i Hordaland vil ha eit Ungdommens Storting som faktisk fungerer, der ungdom får seie kva dei meiner og har noko å seie i saker som er viktig for dei. Dette har ikkje vore på langt nær bra nok på tidligare Ungdommens Storting. Retningslinene for medverkingsorganana skal lagas av ungdom.

Ungdom i Hordaland meiner at demokratiopplæringa som ungdom får på skulen, har eit stort forbettringspotensiale. Me ynskjer at demokratiopplæringa skal vektleggast i mykje større grad innanfor faget samfunnsfag, slik at elevane får breiare kunnskap om landets demokratiske styreform. Dette vil både auke interessa for innflytelse i samfunnet generelt, og om politikken i landet. Dette vil og auke moglegheitene for ungdom til å få innsikt i vårt politiske system, noko som igjen vil føre til større politisk deltaking blant ungdom rundt om i Noreg.

Ungdom i Hordaland meiner at det må fokuserast meir på miljø enn det blir gjort no. Me meiner global oppvarming er den største utfordringa me står ovanfor i dag, og me meiner det er feil at me og me vil ha ei framtid i eit Noreg som ikkje er øydelagt av klimaendringane. Blant anna er transportmoglegheitene her i fylket noko som ungdom meiner er med på å skape desse problema, og tilbudet med kollektivtransport må derfor betrast. Me som er unge ynskjer at dette skal vektleggjast mykje meir, for blir dette betre vil det bli ein nedgang i forureininga i landet. Ungdom ynskjer derfor at kollektivtransporten skal gjerast meir attraktiv og brukarvenleg for ungdom. Det er trass alt ungdom som er dei som brukar kollektivtilbodet mest.

Bergen, 22.05.2014

Agnes Bernes (s)
Leiar i Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Narve Nilssen (s)
Ordførar ungdomens bystyre i Bergen



UNGDOMMENS FYLKESTING
HORDALAND FYLKESKOMMUNE

